




BRATTVÅG ROTARYKLUBB

Medlemsbrev nr. 4, 2004/2005

April - mai - juni

President Endre Sandnes



Redaksjonskomité: Hjørdis Kristine Skaar, Thorleif Marken, Magne Lundemo, Rolf Haugerud

Møte 19. april

Villmarksenter i Gjersetdalen

Rotary referat 19.04. 05

President Endre orienterte om eit leiarseminar for ungdom i alderen rundt 25 år. Han tok gjerne mot tips om kandidatar. Elles snakka han litt om månadsbrevet frå guvernøren. Han viste til at alle kunne gå inn på nettet å sjå det der.

Temaet for denne kvelden var «Gjersetdalen-nytt».

Planen var at rektor ved Grytastranda skule Bjørn Nedreskodje skulle orientere om prosjektet. Men i hans fråvær var det Bjørn Sandnes og leiar i Brattvåg Røde Kors, Ron Borge Finnøy som tok jobben.

Røde Kors overtok Gjersethytta i 2001 og hadde i utgangspunktet tenkt å restaurere den 30 kvadrat store hytta. Men det viste seg at det ikkje var botevon, og dermed bestemte dei seg for å bygge ei ny hytte på same tomta.

Det var under denne planprosessen Per Ove Urkedal tok kontakt på vegne av Grytastranda barneskule med ynske om samarbeid. Litt etter kvart vart det til eit stort prosjekt med opplevelseområde for barn, unge og funksjonshemma. Det vart valt ei arbeidsgruppe med Bjørn Nedreskodje som leiar, Ron Borge Finnøy, Per Ove Urkedal, Oddvar Urkedal, Jan Ove Harsjøen og Bjørn Sandnes.

- Det er framleis nokre lause trådar, men visjonen er å knyte saman bygdene og generasjonane, sa Ron Borge Finnøy.

Fleire delprosjekt skal til slutt knytast saman til eit opplevelseområde. Men også tilkomst og vegar skal planleggjast og finansierast. Målet er at ein kan kome seg fram til området med rullestol.

Den nye Gjerset hytta som er ei

finsk tømmermannshytte, er no bestilt og er budsjettert til 1,2 millionar kroner. I tillegg skal det byggjast ei liten enkel dagsturhytte med toalett til 48.000 kroner, fortalte Finnøy. Han forsikra at det ikkje vart noko som helst avslepp eller forureining frå området. Håpet er at ein kan starte bygginga rett over ferien. Finnøy forklarte også nøyne innreiinga og kva funksjonar dei forskjellige romma skulle ha.

Han orienterte også om delprosjekta som Gildehall, naust, båt, badestamp, amfi og steinalderbustad. I tillegg til solceller skal der også monterast eit straumaggregat. Området blir unikt, var konklusjonen.

- Heile prosjektet er budsjettert til 4 millionar kroner og knapt halvparten av finansieringa er i orden, fortalte Ron Borge.

Th.M.

Møte 26. april

Den årlege dugnaden i Bygdeparten og ved kyrkja gjekk føre seg i fint arbeidsver. Omlag 15 rotarynarar hadde møtt opp, i tillegg til folk frå Brattvåg Hagelag og andre. Som vanleg gjekk arbeidet med liv og lyst.

Rosebedda vart klipy og gjødsla, og dei andre bedda reinska for spande ugras.

Stig Fjørtoft og Atle Farstad sto for opprensing av bekken og sette vatn på fontena. Etter dugnadsøkta serverte soknerådet kaffi og kaker til arbeidsgjengen.

H.K.S.

Møte 3. mai

Hovedpost: Foredrag av Johan Weiberg Gulliksen
«Borgundkaupangen.»



Under Myldredagen i Brattvåg vart Brattvåg Rotary sitt 100-årsprosjekt på Brattholmen offisielt opna. Etter mykje planlegging og mange dugnadar kunne endelig president Endre kippe snora på det nye stupebrettet. Mange var samla på Brattholmen i det fine vårveret, spesielt var det mange barn som var med på skattejakt i lag med sjørøvaren Ole Konsoll, som i bakgrunnen gjer seg klar til "å gå planken".

President Endre åpnet møtet og takket for innsatsen på dugnaden ved kirken og bygdeparken. Han ønsket velkommen til Johan Weiberg Gulliksen som er største Volvo-Penta forhandler i Skandinavia.

Fødselsdager:

Sindre Vik 20.04 60 år

Arne Vågnes 24.04

RYLA-påmeldt: Siv. ing Erik Sandnes, Brattvåg skipsverft, som også betaler reisen.

Utmelding: Arne Hofseth som nå bor på Lanzarote mesteparten av tiden.

Medlemsbrev er lagt ut.

Paul Arne redgjorde for neste møte: Ulla Havsportsenter, avreise 17.45, værvhengig.

3 min. v/Olav Flaa, Haram Fiskerikontor.

Temavindmøller Havsul I og II i Haram kommune. Fiskerinæringen presenterer sitt syn på NVE. Installasjoner av vindmøller må ikke være til hinder for fiske og andre maritime virksomheter.

Rolv Rørhus introduserte Johan Weiberg Gulliksen som har kjennskap og interesse innenfor utrolig mange emner.

Man antar at virksomheten i Borgundkaupangen startet i 1030. For 100 år siden startet professor P.A. Munch utgravingen av Kaupangen. Professor Hirteig stod for utgravingene i 25 år. Sammen med Ola Sjåk Bræk stiftet Hirteig Kaupangens venner. Johan Weiberg Gulliksen ble styremedlem i 1970 og var formann i 21 år fra 1971.

Fra ca. år 1000 var det tre mektige familier i Blindheimsætta, Giskeætta og Mørejarlene. Giskeætta var den mektigste ætta fram til 1359 og hersket helt til Stiklestad. Torberg overtok godset på Giske. Han giftet seg med datter av Erling Skjalgson og Giske hersket da fra Sola til Bjarkøy. Etter 150 år ble ætten ført videre på kvinnesiden. Det oppstod en kryssild og ingen annen slekt har hatt slik makt som Giskeætta.

Borgund som kaupang (Handelsted) var på 1200-tallet større enn mange store europeiske byer.

Kaupangen er et område på ca. 45 mål, derav hittil utgravd 5 mål, resten skal ligge til fremtidens slekter. Det er videre

utgravd 2 gravplasser med til sammen 300 graver. Tegneren Finn Jansen har laget en meget detaljert tegning av kaupangen og gravstedene. Kaupangen er nedbrent 4 ganger og hver gang gjenreist oppå det foregående. Det var i alt 4 kirker, iflg. Hirteig kanskje en 5. kirke. Margretekirken og Peterkirken utgjør i dag tverrskipet i Borgund kirke.

Kate (vågen) viser til havnen.

Kaupangen utviklet seg til et område med betydelig virksomhet.

Magister Arne Larsen har funnet sko i alle stadier (skofabrikk).

Det var produksjon av husgeråd, fangst av alle sorter fisk. Tørket fisk og tørkede huder ble sendt sydover.

Sisse Syftevik har analysert skriftutviklinga på 1200-tallet - innovasjonen på Sunnmøre startet på 1200 tallet og Sunnmøre lå langt foran Romsdal og Nordmøre.

Agnerson drog i 1102 på korstog for å hindre muslimenes utbredelse. Sigurd Jorsalfar drog senere samme rute. De var dyktige krigere og intelligente ledere.

Elling Giske var nr. 2 etter kong Håkon 6, og døde i 1349 under svartedauden. Dødsraten var 50-80%. Etter svartedauden var det få mennesker tilbake. Virksomheten gikk tilbake og opphørte i 1536. Handelen endret seg og flyttet til Sundene (Nørve, Steinvågen) og en rekke andre steder i omegnen til Borgund.

På handelsstedet Sørneset bodde fogden frem til år 1700.

ThM

Møte 10. mai

I president Endre sitt reisefråver var det visepresident Anders som ynskte velkommen til møtet, spesielt til dagens gjester Einar Slyngstad og Anton J. Rønneberg, sistnemnte kveldens kåsør.

Einaste fødselsdagen visepresidenten kunne melde var Sigurd Landsverk, men han vart til gjengjeld 79 år denne kvelden. Kven kan tru, som



Sjørøvaren Ole Konsoll har funne skattekista!! Ole Konsoll alias Bernt Johannes Hildstrand, innehavar av Rotary sin kulturpris, er eit populært innslag under Myldredagane og var med på å setje farge på opninga av Brattholmen.

ikkje veit det, at den spreke vassverkformannen har nådd så høg offisiell alder.

Så over til kveldens kåsør som skulle snakke om notid og fortid og kanskje litt om framtid, iflg. Rolv R., som introduserte Rønneberg som har lang fartstid i Rotary i Ålesund. Det vart mest fortid.

Anton J. Rønneberg er utdannet jurist og etter dommerfullmektigpraksis i Ålesund, dreiv han advokatpraksis der fram til han i 1982 vart utnemnt til sorenskrivar i Ålesund, noko han var til pensjonsalderen innhenta han.

Rønneberg fortalte innleiingsvis at han som avdvokat hadde hatt mange forretningsklientar i Haram, men at det hadde vore lite straffesaker hepirrå. Men hans første møte med Haram var siste krigsdagane i 1945 då familien hans måtte søkje tilflukt på ei hytte i Grytdalen pga at bror hans var tatt av tyskarane. Dette var også hans første møte med vår nå avdøde æresmedlem Severin Skjelten, som kom over fjellet og kunne fortelje at det snart vart fred og at det så leis ikkje vart aktuelt med vidare flukt.

Hovudtemaet for Rønneberg var å filosofere over hans stamfar Christopher Rønneberg, som kom som ein fattig mann til Sunnmøre kring 1750, og som svinga seg opp til ein rik mann og vart grunnleggaren av handelsdynastiet Rønneberg i Ålesund. Korleis kunne dette gå til? Rønneberg hadde ikkje noko klart svar, men meinte det langt på veg hang saman med god opplæring nokre år i Kristiansund i fiskebehandling og handel, og ikkje minst at han vart godt gift med ei rik enke. Elles var han vel som som så mange andre i historia rett mann til rett tid på rett stad.

Rønneberg tok oss med i ein vid seilas i Ålesund, Sunnmøre, Molde og Kristiansunds historie, både næringspolitisk og personalhistorisk, på ein måte som begeistra forsamlinga, slik at han fekk fortsette på overtid.

Noko meir konkret referat er umogeleg, for årstal og personnamn og slektsforhold hagla.

som pilregn over forsamlinga.

Rønnebergs boddskap til alle som blir pensjonistar: finn ein hobby. Han har tydelegvis funne sin. ThM

Møte 24. mai

Dugnad på klubbens 100-års prosjekt på Brattholmen. Det ble utført mye godt arbeid, m.a. vart gapahuken beisa og stupebrettet gjort ferdig. Sandstranda innerst i bukta er rydda ferdig og råsa rundt norvestsida er ferdig. Men en del gjenstår til innvielsen lørdag 28. mai.

Møte 31. mai

Fritt møte

President Endre åpnet møtet. Han takket for sist med innvielsen av Brattholmen på Myldredagen lørdag 28.05.

Han takket også for innsatsen på dugnaden 24.05. Det gjenstår fremdeles endel arbeid for klubbens 100-års prosjekt er fullført, men det som hittil er fullført er blitt svært bra.

Det var godt fremmøte av skuelystne, 6-7 turer med båt. Alle og særlig barna moret seg stort.

Senere på møtet viste Sindre fotos fra begivenheten. Stor ståhei!

Fødselsdager: Sigurd 10.05

Anders 14.05

Olav 26.05

Rolv 20.05

Presidenten meddelte at Kjell ble skadet i en trafikkulykke og ligger

på Ålesund Sykehus. Klubben har sendt blomster og hilsen med ønske om god bedring.

Presidenten refererte fra Guvernøren månedsbrev. Redaktørens spalte. Presidenten var ikke helt førnøyd med utviklingen på internett hva angår Rotaryinformasjon.

Tove fortalte fra sin reise i Australia. I april besøkte hun Stacey (utvekslingsstudenten i Brattvåg R. K.). Hun besøkte også den lokale Rotaryklubben. Klubben har 16 medlemmer og møtet var et meget uformelt middagsmøte.

Dagens tema var hvordan skaffe et bidrag på 7000 dollar til svømmehall. Tove fortalte fra Brattvåg og fra klubben. Hun hadde reist rundt i Nasjonalparken som hadde en stor brann på 70.000 mål.

Parken omfattet også et stort våtmarksområde. Tove omtalte australierne som meget gjestfrie mennesker. Tove overrakte presidenten klubbens banner.

Presidenten takket Tove.

Neste møte 07.06 er i Brattvåg kirke i anledning 100-års dagen for Unionsoppløsningen.

RH



Frå presidentskifte:

Avtroppende president hedrer Øyvind og Rolf H med ei rose Dei var blant dei tre som klarte 100 % oppmøte i året som gjekk. I tillegg har også Sindre klart denne bragden.

Vi gratulerer!

Møte 7. juni

100-årsmerkinga

Dagens møte var lagt til Brattvåg Kyrkje i samband med markeringa av 100-årsjubileet for unionsopploysinga. Mange av medlemmene våre var til stades og fekk med seg eit godt og interessant arrangement.

Møte 14. juni 2005

Komitémøte

Kveldens hovedpost var avsett til komitémøte. For å førebu seg på neste Rotaryår, sette komitéane seg ned og planla dei ulike aktivitetane. Bøkene med "syftemåla" skifta eigalarar, nye "syftemål" vart drøfta og vedtekne.

Møte 21. juni

Bedriftsbesøk hos Brattvåg

Elektro AS

Vi møtte opp utanfor dei nye lokaala til Brattvåg Elektro kl 1900 denne tysdagskvelden. Vi fekk først ei omvisning i verstadlokala som ligg i den eldre delen av Fiskevegnbygget. Adm. Dir. Gunnar Bolsø og vår eigen Bjørn S. fortalte om ei moderne bedrift med knapt 100 tilsette. Etter ei vanskeleg periode i 2004, har bedrifta gjennomgått ein "hestekur" og framstår i dag som sunn og sterk og med gode ordrereserver. Flytinga til nye og meir tilpassa lokale var ein del av moderniseringa. Ein ønska å samle all produksjon under samme tak og fekk ei langt meir effektiv drift på vesentleg færre kvadratmeter enn det ein hadde før. Brattvåg Elektro er eit eige varemerke med eigen økonomi og er heilt sjølvstendig, sjølv om bedrifta i 1999 vart kjøpt opp av Sønnico, som seinare sjølv har vorte oppkjøpt av Ulltveit Moe.

Ei av utfordringane bedrifta har er å skaffe nok arbeidskraft, elektrikarar veks heller ikkje på tre! Bedrifta satsar derfor sterkt på rekruttering via lærlingeordninga og har dag ca 15 lærlingar. Bedrifta er klart størst innan maritim verksemd men i dag er det også godt med arbeid på innan landsida. Markedet er stort og allsidig, m.a. møbelindustrien i Stordalen, service/vedlikehald på 17 fergelemmar på Sunnmøre, National Oilwell i

Molde, innan skipsbygging er der sjølvsagt mest aktivitet i Brattvåg Søviknes, men også litt på Langstein.

Etter denne omvisninga og orienteringa i verkstaddden, fekk vi ei rask omvisning i dei nye kontorlokala som ligg fint til i det nye bygget nede på Storkaia. I tillegg til ytterlegare informasjon om bedrifta, vart vi servert kaffi og noko attåt.

ML

Møte 28. juni

Fritt møte

Då presidenten saman med sekretær og fruer er i Chicago i embets medfør (Rotary 100 år), var det Anders som leidde møtet. Denne tysdagen var egentleg viet til årets fisketur, men kombinasjonen därlege verutsikter og problem med å skaffe båtar, gjorde at turen dessverre ble avlyst. Kanskje kan vi ta att fisketuren til hausten. Denne kvelden vart imidlertid nytt til fritt møte og medan regnet piska mot rutene, gjekk som vanleg drøsen velsmurt rundt borda.

ML

Møte 5. juli

Presidentskifte

Så har eit nytt rotaryår gått og det er atter tid for presidentskifte. Av

naturleg grunnar vart dette presidentskiftet arrangert ei veke seinare enn vanleg, noko som førte til eit litt dårlegare frammøte enn det vi er vant til. Endre takka for seg etter eit begivenhetsrikt år som frå hans ståstad har vore både givande og interessant og som sjølvsagt har gått svært fort! Han trakk opp linjene i det som har skjedd dette året. Han takka til slutt styret og alle komiteane for godt samarbeid. Det vanka blomar til Sindre, Øyvind og Rolf H. for 100 % frammøte, til Njål for sin store innsats med geitene på Brattholmen og til Ivar for sitt framifrå arbeid med heimesida til klubben. Så var det som vanleg høgtideleg overrekking av kjede, klubbe og "Tron" til Anders som går på som vår nye president. Han starta sin gjerning med å gi blomar til Anlaug som takk for "lånet" av Endre dette året som har gått. Han takka for tilliten som ny president og gjorde seg sine tankar for det komande året. M. a. ser han tydeleg behovet for å gje re ein innsats når det gjeld å rekruttere nye medlemmer! Etter den formelle delen var over, vart det servert Bacalao m.m. og som vanleg vart året avslutta i godt sosialt fellesskap.

ML



Her skiftar Presidentkjedet eigar. Vi takkar Endre for godt gjennomført leiarskap og ønsker Anders lukke til med året som kjem!